

**PROTOKOLL**  
**Forhandlingsutvalet**

**Møte:** 03/2016  
**Tid:** Tysdag 23. februar kl. 16.00 – 18.30  
**Stad:** Nordhordland Folkehøgskole - Frekhaug

**Til stades:**

| Kommune       | Ordførar  | Varaordførar                 | Politikar                | Rådmann                       |
|---------------|---|------------------------------|--------------------------|-------------------------------|
| Austrheim     | Per Lerøy   | Anne Dahle<br>Austrheim      | Jorund Stellberg         | Jan Olav Osen                 |
| Fedje         | Stian Herøy   |                              |                          | Vidar Bråthen                 |
| Gulen         | Hallvard Oppedal  | Odd Harald Eide              | Ivar Eide                | Reidun Halland                |
| Lindås        | Astrid Aarhus<br>Byrknes  | Nina Bognøy                  | Bjarte Vatnøy            | Ørjan Raknes Forthun          |
| Masfjorden    | Karstein Totland<br>- Møteleiar   | Torill Torsvik<br>Størkersen | Egil Kvingedal           | Svein Helge<br>Hofslundsengen |
| Meland        | Øyvind Oddekalv   | Nils Marton Aadland          | Sigmund Larsen           | Ingvild Hjelmtveit            |
| Modalen       | Tom Kristian<br>Thorsen   | Kristin Nåmdal               | Sigmund Vikane           | Øivind Olsnes                 |
| Radøy         | Jon Askeland  | Jostein Borlaug              | Kenneth Taule<br>Murberg | Jarle Landås                  |
| Tillitsvalde: | Utdanningsforbundet: Jarle Næss og Elisabeth Bygstad<br>Fagforbundet: Liv Berit Haukås og Else Soltveit |                              |                          |                               |
| NUI:          | Bent Gunnar Næss – prosjektleiar og Rune Heradstveit – dagleg leiar                                     |                              |                          |                               |
| Fylkesmannen  | Ole Bakkebø   |                              |                          |                               |
| KS Hordaland  |   |                              |                          |                               |
| Sonat         | Trond Wincentsen - prosessrettleiar   |                              |                          |                               |

|                  |   |
|------------------|---|
| <b>Sak 08/16</b> | <p><b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b></p> <p>Regionrådsleiar Karsten Totland ønskte velkommen til møte. Referatet frå førre møte vart gjennomgått. Det var ingen merknadar til det. Innkalling og sakliste vart godkjent.</p>   |
| <b>Sak 09/16</b> | <p><b>Intensjonsavtalen</b></p> <p>Prosessrettleiar Trond Wincentsen innleia til arbeidet med gjennomgang av intensjonsavtalen. Intensjonsavtalen var oppdatert med dei innspela som kom møte 16.02. Redaksjonsutvalet hadde eit møte 19.02 og hadde ein gjennomgang av dei innspela som kom i forhandlingsutvalet 16.02.</p> <p>I møtet jobba ein seg gjennom utkastet til intensjonsavtale.</p> <p>Oppsummert pr. kapitel kom det fram følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kap 1 – ingen forslag til konkrete endringar</li> <li>• Kap 2 – sjå litt meir på teksten under fordelar og ulemper</li> <li>• Kap 3 og 4 – var redigert og rydda i – ingen forslag til endring</li> <li>• Kap 5 – diskutert om dette med effektiviseringsgevinst burde takast med her. Det er omtalt under kap 8 – Økonomi, var einig om at det var greitt.</li> </ul> |

|                  |   |
|------------------|---|
|                  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kap 6 – ingen forslag til endring – men sjå på om teksten om lokalutval i Modalen kan gjerast kortare.</li> <li>• Kap 7 – ingen store endringar</li> <li>• Kap 8 – det som står under Modalen lokalutval – forvaltning. Det vert gjort kortare, ser på kva som må vere med. Det må også gjerast litt meir generelt slik at det også gjeld for Masfjorden sine inntekter frå konsesjonsavgift og Gulen sine inntekter som gjeld deponering av avfall i Gulen og som skal nyttast til omdømmebyggande tiltak i Gulen. Dette er inntekter som kommunane/lokalsamfunnet har fått som kompensasjon for ulempene disse utbyggingane/tiltaka gir.</li> <li>• Kap 9 - kulepunktet om «Endringsoppseiingar» - vart stroke</li> <li>• Kap 10 - ingen endringar</li> <li>• Kap 11 – Fellesnemnda – forslaget til tal medlem i Fellesnemnda frå Lindås vart endra til 9 - totalt tal medlem vert 33</li> <li>• Det vil vere ein språkvask av heile dokumentet</li> </ul> <p>Rådmann Ingvild Hjelmtveit har laga til eit saksframlegg som kan nyttast som utgangspunkt når avtalen vert lagt fram for kommunestyret, før den går ut på høyring til innbygarane.</p>   |
| <b>Sak 10/16</b> | <p><b>Kommunikasjonsplan og tidsplan</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det vart delt ut forslag til ein tidsplan for fase 1 – fram til og med 22.juni – kommunestyrevedtak. Dei viktigaste punkta i denne tidsplanen er følgjande: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ 1. mars signering og presentasjon av intensjonsavtalen</li> <li>○ 15. april alle kommunane lagar ein oppsummering av innspela som ein har fått på folkemøta eller andre høyringar. Dei vert sendt til Redaksjonsutvalet</li> <li>○ 19. april – Redaksjonsutvalet går gjennom innspela frå kommunane</li> <li>○ 26. april – Forhandlingsutvalet – har møte dersom redaksjonsutvalet ser det som tenleg.</li> <li>○ Ca 1. mai – oppstart opinionsundersøking</li> <li>○ 23. mai – folkerøysting</li> <li>○ 26. mai – Forhandlingsutvalet – presentasjon av resultatata frå folkerøysting og opinionsundersøking</li> <li>○ <b>22. juni – Kommunestyra i kvar einskild kommune gjer vedtak</b></li> </ul> </li> <li>• Opinionsundersøking – dei kommunane som skal ha det – lagar ei koordinert opplegg. Prosjektlearar følg opp dette.</li> <li>• Til sjølve kommunikasjonsplanen var der ingen kommentarar. Det vart ikkje tatt konkret stilling til om det skal lagast ei innbyggjarbrosjyre og dele ut til husstandane. Det er gjort i kommunane Lindås, Meland og Radøy.</li> <li>• Alle kommunane må lage seg ein eigen konkrete plan for korleis dei vil sikre medvirkning og involvering i eigen kommune</li> </ul> |
| <b>Sak 11/16</b> | <p><b>Fellesnemnda</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Dette punktet vart tatt under sak 9.</li> </ul>   |
| <b>Sak 12/16</b> | <p><b>Vegen vidare</b></p> <p>Karstein Totland - Oppsummerte møte.</p> <p>Planen er at 1. mars kan ein signere ein avtale og presentere den.</p> <p>Neste møte tysdag 1. mars – <b>kl 12.00</b> på Strilatun</p>  |

Frekhaug, 23. februar 2016

Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland

Bent Gunnar Næss  
Prosjektlearar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, postboks 13, 5902 Isdalstø, B.G. Næss – tlf 48 12 46 23 – [bgn@nordhordland.net](mailto:bgn@nordhordland.net)  
Telefon 56 37 58 88 / e-post: [post@nordhordland.net](mailto:post@nordhordland.net) / [www.nordhordland.net](http://www.nordhordland.net)

Side 2

